



Arne-Kjetil Marøy
Marøyvegen 366
5937 Bøvågen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4014 - 23/47270

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
15.06.2023

Registrert avvik slamavskiljar og varsel om tvangsmulkt - gbnr 423/9 Marøy

Tiltak: avvik slamavskiljar, manglar dykk utløp
Byggjestad: Gbnr 423/9
Tiltakshavar: Arne-Kjetil Marøy

Alver kommune har den 12.05.2022 motteke melding frå Norva24 om at det ved tømning av slamavskiljar den 06.05.2022 vart det registrert:

«Manglar dykk utløp»

Avviket er knytt til avløpsanlegget på eigedommen din med adresse Marøyvegen 370, anleggsnummer 62609.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 15.08.2023.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra tanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når anlegget er utbetra, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til:

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4014.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i tank - gbnr 423/9 Marøy
bilde

Mottakarar:

Arne-Kjetil Marøy

Marøyvegen 366

5937

Bøvågen